



Miljøverndepartementet
Avd. for naturforvaltning postboks 8013 Dep
0030 OSLO

Vår sakshandsamar:

Eva Nilsen Huke
Innvalsnummer:

Dykkar ref.:

Vår ref.:

57 65 56 45
Dato

10/749/ENH
/K40/

16.12.2010

Endringer i rovviltforskrifta - fråsegn frå Leikanger kommune

Vedlagt fylgjer vedtak i Leikanger formannskap vedk. godtgjøringsordning for forsøk på skadefelling av rovvilt.

Med helsing

Eva Nilsen Huke
Fagkonsulent, landbruk og viltforvaltning

Vedlegg: Endringer i rovviltforskrifta – fråsegn frå Leikanger kommune

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Endringer i rovviltforskrifta - fråsegn frå Leikanger kommune

Sakshandsamar: Eva Nilsen Huke
Arkivsak nr.: 10/749

Arkiv: K40

Sak nr.: Utval
155/10 Formannskapet

Møtedato
13.12.2010

Formannskapet sitt VEDTAK, samr.:

Leikanger kommune meiner at godtgjersle for forsøk på skadefelling av rovvilt ikkje må vere under kr. 200,- pr. time. I tillegg kjem refusjon av naudsynte utgifter t.d. køyregodtgjersle, bompengar, innleige av hund m.m.

All deltaking i heile fellingsforsøket (lovlig felling etter løyve frå offentlege myndigheiter) skal godtgjerast utan omsyn til oppsett budsjettramme. Godtgjersle må gjelde alle som tek del i eit fellingsforsøk etter oppmoding frå jaktleiar, også utkikspostar og jegerar som er godkjende av kommunen.

Fylkesmannen eller SNO skal bidra med rådgjeving og vegleing i samband med fellingsforsøk.

Godtgjersla må kome frå ny budsjettpost som vert administrert av Fylkesmannen, men ikkje frå post som skal nyttast til førebyggjande og konfliktdepande tiltak i rovviltforvaltning.

TILRÅDING:

Leikanger kommune meiner at godtgjersle for forsøk på skadefelling av rovvilt ikkje må vere under kr. 200,- pr. time. I tillegg kjem refusjon av naudsynte utgifter t.d. køyregodtgjersle, bompengar, innleige av hund m.m.

All deltaking i heile fellingsforsøket (lovlig felling etter løyve frå offentlege myndigheiter) skal godtgjerast utan omsyn til oppsett budsjettramme. Godtgjersle må gjelde alle som tek del i eit fellingsforsøk etter oppmoding frå jaktleiar, også utkikspostar og jegerar som er godkjende av kommunen.

Fylkesmannen eller SNO skal bidra med rådgjeving og vegleing i samband med fellingsforsøk.

Godtgjersla må kome frå ny budsjettpost som vert administrert av Fylkesmannen, men ikkje frå post som skal nyttast til førebyggjande og konfliktdempande tiltak i rovviltforvaltning.

DOKUMENT:

- Framlegg frå Miljøverndepartementet av 3.nov.2010 til endringar i rovviltforskrifta – godtgjeringsordning for forsøk på skadefelling av rovvilt (vedlagt).

SAKSUTGREIING:

Leikanger kommune har motteke høyringsbrev frå Miljøverndepartementet om endringar i rovviltforskriften – godtgjeringsordning for forsøk på skadefelling av rovvilt. Høyringsfristen er sett til 15. desember 2010.

Føreslegne endringar gjeld framlegg om godtgjersle på kr. 1000,- pr. dag for alle involverte jegerar. Det skal setjast opp ei budsjetttramme for kvart fellingsforsøk med midlar frå Stortinget/Miljøverndep/DN. Ordninga med godtgjersle skal berre gjelde deltakarar som er registrerte som lisensjegerar. Innehavar av fellingsløyve skal dimensjonere fellingsforsøket på ein mest mogleg effektiv måte. Fylkesmannen skal bistå innehavar av fellingsløyve med rådgjeving og vegleing. Midlar skal takast frå kap. 1427.post 73- førebyggjande og konfliktdempande tiltak i rovviltforvaltningen. Desse midlane vert tildelt DN og vert fordelte til rovviltnemndene kvart år i februar/mars. Rovviltnemnda må setje av tilstrekkeleg med midlar for godtgjersle i sin region.

Vurdering:

Fellingsløyve på store rovdyr vert ofte tildelt sankelag og andre aktørar som har liten føresetnad for å setje opp eit budsjett for gjennomføring av eit fellingsforsøk på førehand. Det er urimeleg å nytte posten for førebyggjande og konfliktdempande tiltak då her er rikeleg med arbeidsoppgåver som dette bør nyttast til. Det bør setjast av midlar sentralt som fellingslag kan søke godtgjersle frå etter endt fellingsforsøk. Alle som tek del i fellingsforsøket etter ynskje frå fellingsleiar, òg utkikspostar og jegerar som ikkje er godkjende som lisensjegerar må få godtgjersle.

Innehavar av fellingsløyve har òg trong for rettleing vedk. gjennomføring av fellingsforsøk frå Fylkesmann og SNO. Det bør vere eit krav at kunnskapen til desse institusjonane kjem innehavar av fellingsløyve til del.